

Referat frå styremøte i Herand Bygdelag 04.06.2019

Til stades: Gunnar Dalseth, Sigmund Eiken, Marta Samland, Angunn Handegard Trå, Thorleif Gjernes, Ole Gisle Vassel og Kaia Gulbrandsen

Meldt forfall: Kenneth Vikane

Referent: Kaia

Sak 2019/37: Godkjenning av innkalling og dagsorden; godkjent.

Sak 2019/38: Godkjenning av referat frå styremøte 14.05.19; godkjent

Sak 2019/39: Tilstellingar:

- Status Herandhelg 21. – 23. juni. Møte 23.05, vidare arbeid med program. Nytt møte 06.06. Program kjem straks på plakate og nett.
- Kongebesøk 18. juni – Herand er representert ved Herand Musikklag. Alle skulebarn i kommunen er og i programmet.

Sak 2019/40: Eignedomar:

- Lagerrom bak kjøken er ferdig isolert og klart for utleige som lagerrom.
- Kommunen overtek ansvar for stell av badestranda.
- Kontakt med brannvernet for innspel på branntryggleik. Georg Kvåle kjem onsdag 05.06 for ein branngjennomgang av kulturhuset, og vil gje tilbakemelding på naudsynte tiltak.
- Me prøver å få malt ferdig leskuret og skytja.

Sak 2019/41: Søknader/fristar etc.:

- Status søknad til Hardangerstiftinga – rapport på tildelt støtte til leskur/skifte av vindauge.

Rapport til Hardangerstiftinga er under arbeid. Thorleif Gjernes har gitt tilbod på skifte av gjenståande vindauge i kulturhuset. Kaia ansvarleg.

Sak 2019/42: Ymist:

- Møte på Mowi 21.5 vart avlyst grunna ingen påmelding.
- Minner om kursdag på Frivilligsentralen 11. juni. Angunn og Kaia møter for Herand bygdelag.

Sak 2019/43: Eventuelt;

- Fastsetting av første styremøte etter sumaren, me startar opp att med fyrste styremøte etter sommaren tysdag 20.08. kl. 19.00.

- Permisjon Kenneth Vikane. Kenneth er reist på jobb på Hopen i 6 mnd. Han får permisjon frå vervet i bygdelaget ut 2019, 2. vara Jan-Tore Huus vil bli innkaldt til styremøta ut året. Ole G. Vassel, 1. vara, går inn som fast styremedlem i perioden.
- Registrering av dugnadstimar. Gunnar lager eit skjema der vi forsøker å registrere alle arbeidstimar/dugnadsinnsats.

Neste styremøte tysdag 20.08.19 kl. 19.00 på Herand kulturhus.